

# Synste Møre

TORSDAG 23 NOVEMBER 2017

LAUSSAL 25 KR

NR 43 ÅRGANG 48



## Slutt for bufelleskapet

– Eg skulle ønske det kom av at det var lite flykningar i verda, men det er dessverre ikkje det som er situasjonen. Dei kjem seg berre ikkje hit, seier Linda Otneim, leiar for flykningtenesta i Vanylven.

No blir bufelleskapet for mindreårige flykningar i første høgda av den gamle sjukeheimen lagt ned to år etter han vart oppretta.

SIDE 5



### Pris I



Weche Modalen Berget frå Åheim får Vanylven kommune sin kulturpris for 2017. Ho får prisen for innsatsen sin for barn- og unge gjennom Vanylven Takewon-Do klubb.

SIDE 9

### Pris II



Maria Parr frå Fiskå vart tysdag kveld tildelt Brageprisen i klassa Barne- og ungdomsbøker for boka «Keeperen og havet». Her er vinnaren avbilda på scenen saman med vinnaren i klassen for skjønnlitteratur, Olaug Nilsen (t.h)

SIDE 5



## Opningsfest på Miljøstasjonen

Sørvisen på Miljøstasjonen på Lisjeeide var ekstra god tysdag. Varaordførar Bjarne Sætrenes (t.v) hadde nettopp opna den nye hallen som gjer at ein no kan levere og sortere innahyses. Hallen, som har kosta om lag tre millionar, er reist av firmaet Rise-bygg på Hareid.

Og første kunde, Jorid Nygård Gjerde, vart - som andre som kom seinare utover ettermiddagen, invitert ein runde bortom kaffibordet der driftsleiar Magne Lundehaug stod for serveringa. Ingeniør Oddvin Aarskog har også sikra seg eit kaffibeger.

SIDE 8

Kom og sjå vårt store utval i Alloc baderomspanel med flismønster! Fast lavpris!

**FARGERIKE**  
Spesialforretninga i Sydve  
Tlf.: 700 20 800

**ALLOC**

PERIODISK  
KØYRETY-  
KONTROLL

**Selje  
Auto**

Autorisert verkstad Tlf 57 85 65 45

Lat oss teste  
synet ditt!

Tinging av time: 70 07 70 19

**OPTIKK VOLDA**

Tlf. 70 07 70 19, Holmen 7, 6100 Volda